



Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1381 - 16/15191

Saksbehandlar:
Per Inge Olsen
per.inge.olsen@meland.kommune.no

06.08.2016

Ordinært skjønnstilskudd 2017

Vi viser til dykkar skriv av 20. juni 2016 med invitasjon til å sende inn opplysningar vedr. fordeling av ordinært skjønnstilskot for 2017. Dette skrivet er Meland kommune sitt svar på denne invitasjonen, og inneheld opplysningar som vi meiner bør vurderast i samband med tildeling av skjønsmidlar til Meland kommune for 2017.

Kommunen ynskjer å følgje opp dette skrivet med eit møte der vi får mulighet til å presentere og diskutere innhaldet i dei moment som vi legg fram i dette brevet. Vi vil difor ta kontakt i næraste framtid for å prøve å få avtalt eit slikt møte.

1. Innleiing

Meland kommune har over fleire år vore mellom kommunane i Norge med høgast folkevekst. Veksten må møtast med løpande utvikling av tenestetilbodet. Det må skaffast nye barnehageplassar, skulane må utvidast, tilflytting fører til meir språkdelling i skulen, fleire skal ha helsetenester, og stor aktivitet i bustadutbygginga krav at kommunen må leggje til rette med auka kapasitet innan dei tekniske tenestene, mellom anna vatn- og avløp. utfordringane er ikkje unike for Meland kommune, og vi deler dei mellom anna med fleire av randkommunane til Bergen.

For 2017 vil Meland kommune få ein betydeleg reduksjon i inntekter som følgje av lågare veksttilskot og omlegging av inntektssystemet. Dette er vanskeleg å kombinere med dei løpande vekstutfordringane som kommunen fortsatt har, og vi meiner derfor at Meland kommune har ei særleg stor utfordring for 2017, og håper fylkesmannen kan ta omsyn til dette når det ordinære skjønnstilskotet for 2017 skal fordelast til kommunane. Vi vil i det etterfølgjande kommentere meir i detalj dei spesifikke utfordringane som kommunen har i 2017, og som bør vurderast i denne samanheng.

2. Økonomisk utvikling dei siste åra

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Etter mange år med underskot klarte kommunen i 2013 å snu den økonomiske utviklinga, og har dei siste 3 åra hatt tilfredstillande overskot på driftsrekneskapen. Kommunen har i denne perioden gjort opp tidlegare oppsamla framførbart underskot, og også klart å tilføre midlar til kommunen sitt disposisjonsfond, slik at dette no er på meir enn 5% av driftsinntektene. Dette har vore oppnådd med å ha ei stram budsjettstyring og ved å halde tilbake på vidare utvikling av tenestetilbodet. Kommunen har ein liten administrasjon, og vi meiner vi driver svært nøkternt på dei fleste område.

Budsjettet for 2016 viser eit netto driftsresultat på kr 2,0 mill, som utgjer 0,4% av driftsinntektene. Dette er ein vesentleg reduksjon frå rekneskapen i 2015, som viste eit netto driftsresultat på 16,2 mill eller 3,1%. Det er auke i tilskotet til private barnehagar og auka utgifter som følgje av fleire skuleklassar som først og fremst gjer at vi måtte budsjettere med lågare driftsresultat for 2016 enn vi oppnådde i 2015.

3. Moment til vurdering i forhold til tildeling av skjønsmidlar

Meland kommune vil i dette brevet peike på følgjande moment som vi meiner bør kunne vektleggjast i samband med vurdering av skjønsmidlar til Meland kommune.

Desse er:

1. Stor folketalsvekst dei siste åra og forventningar om fortsatt høg vekst
2. Stor reduksjon i veksttilskotet, sjølv med forventning om fortsatt høg folkevekst, og dermed manglande finansiering av vekstutfordringane.
3. Språkdeling i skulane gjev utfordringar som ikkje vert dekt opp ved berekning av utgiftsbehovet.
4. Utfordringar innan forebyggjande helsevern og innan rus og rusomsorga
5. Utfordringar i samband med høg arbeidsløyse, særleg mellom dei unge

4. Fortsatt høg vekst i folketal

Basert på SSB sin oppdaterte folketalsprognose som kom 21. juni 2016 har vi laga følgjande prognose for befolkningsutviklinga i Meland kommune som vil verte grunnlag for inntektsberekningane i budsjettet for 2017 og i økonomiplanen for 2017-2020.

Folketalsutvikling Meland kommune 2011 - 2016 og prognose for 2017 - 2020

Faktiske tal til og med 01.01.2016, prognose for 01.07.2016

Alle	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
01.01. i året	6 824	7 036	7 347	7 544	7 736	7 812	8 038	8 273	8 503	8 717
Endring i året	212	311	197	192	76	226	235	230	214	
Endr. i året %	3,1 %	4,4 %	2,7 %	2,5 %	1,0 %	2,9 %	2,9 %	2,8 %	2,5 %	
01.07 i året	6 927	7 220	7 477	7 667	7 789	7 926	8 157	8 389	8 611	
Endring frå året før	252	293	257	190	122	137	231	232	222	
Endr. i frå året før	3,8 %	4,2 %	3,6 %	2,5 %	1,6 %	1,8 %	2,9 %	2,8 %	2,6 %	

Prognosen viser øvst utvikling per 1. januar, og i nedste seksjon omrekna til utvikling per 1. juli. Folkeveksten i Meland kommune har over tid vore svært høg. Kommunen har dei siste 5 åra hatt ein folkevekst på i gjennomsnitt 2,9%, nr 5 av alle norske kommunar, sjå tabellen under.


Kommunar med størst gjennomsnittleg folkevekst siste 5 år (2010-2015)

Nr	Kommune - tal per 31.12. i året	2010	2015	Sum endr 10-15	Endr. % 14-15	Sum endr % 10-15	Gj.snitt per år
1	1142 Rennesøy	4 202	4 856	654	1,3%	15,6%	3,1%
2	2023 Gamvik	991	1 139	148	2,1%	14,9%	3,0%
3	1657 Skaun	6 756	7 755	999	1,1%	14,8%	3,0%
4	1243 Os (Hord.)	17 210	19 742	2 532	3,4%	14,7%	2,9%
5	1256 Meland	6 824	7 812	988	1,0%	14,5%	2,9%
6	0211 Vestby	14 708	16 732	2 024	2,6%	13,8%	2,8%
7	0235 Ullensaker	30 081	34 189	4 108	2,6%	13,7%	2,7%
8	0214 Ås	16 733	18 992	2 259	2,6%	13,5%	2,7%
9	0137 Våler (Østf.)	4 573	5 186	613	1,7%	13,4%	2,7%
10	1529 Skodje	4 079	4 620	541	3,5%	13,3%	2,7%

I 2015 hadde kommunen låg vekst med berre 1,0%. Vi trur dette skuldast spesielle forhold knytt til bustadbygginga lokalt i kommunen. Konkurs hjå den største boligutbyggjaren i kommunen er ei viktig årsak til at utbygginga stoppa opp. Prognosen frå SSB indikerer at veksten som har vore dei siste åra skal fortsette, med ein årleg vekst på over 2,5%.

Elles så reknar vi med vekst per aldersgruppe som vist nedanfor:


Alder	Faktiske tall 1. juli					Prognose 1. juli			
	F-2011	F-2012	F-2013	F-2014	F-2015	P-2016	P-2017	P-2018	P-2019
0-1 år	310	217	252	258	227	234	240	246	254
2-5 år	337	476	491	499	524	510	523	536	549
6-15 år	1 052	1 065	1 076	1 120	1 156	1 183	1 225	1 274	1 322
16-22 år	669	693	733	725	717	717	721	729	739
23-66 år	3 908	4 086	4 197	4 279	4 350	4 426	4 536	4 641	4 731
67-79 år	436	472	517	564	595	631	677	722	771
80-89 år	172	165	167	175	172	176	184	189	193
90+ år	43	46	44	47	48	50	51	52	52
Sum	6 927	7 220	7 477	7 667	7 789	7 927	8 157	8 389	8 611



Endringane per årsklasse vert ut frå denne prognosen slik:

Alder	Faktiske tal 1. juli				Prognose 1. juli			
	F-2012	F-2013	F-2014	F-2015	P-2016	P-2017	P-2018	P-2019
0-1 år		35	6	-31	7	6	6	8
2-5 år	46	15	8	25	-14	13	13	13
6-15 år	13	11	44	36	27	42	49	48
16-22 år	24	40	-8	-8	-	4	8	10
23-66 år	178	111	82	71	76	110	105	90
67-79 år	36	45	47	31	36	46	45	49
80-89 år	-7	2	8	-3	4	8	5	4
90+ år	3	-2	3	1	2	1	1	-
Sum	293	257	190	122	138	230	232	222
0-1 år	0,0%	16,1%	2,4%	-12,0%	3,1%	2,6%	2,5%	3,3%
2-5 år	13,6%	3,2%	1,6%	5,0%	-2,7%	2,5%	2,5%	2,4%
6-15 år	1,2%	1,0%	4,1%	3,2%	2,3%	3,6%	4,0%	3,8%
16-22 år	3,6%	5,8%	-1,1%	-1,1%	0,0%	0,6%	1,1%	1,4%
23-66 år	4,6%	2,7%	2,0%	1,7%	1,7%	2,5%	2,3%	1,9%
67-79 år	8,3%	9,5%	9,1%	5,5%	6,1%	7,3%	6,6%	6,8%
80-89 år	-4,1%	1,2%	4,8%	-1,7%	2,3%	4,5%	2,7%	2,1%
90+ år	7,0%	-4,3%	6,8%	2,1%	4,2%	2,0%	2,0%	0,0%
Sum	4,2%	3,6%	2,5%	1,6%	1,8%	2,9%	2,8%	2,6%

Auke i innbyggjarar per aldersklasse per år:



5. Berekening av inntektsnivå basert på forventa folketalsutvikling

Basert på folketalsprognosen referert i førre punkt har vi så berekna utviklinga i dei frie inntektene i kommande budsjettår og økonomiplanperiode, sjå tabellen nedanfor. Prognosen er laga i KS sin prognosemodell, sist oppdatert 18. mai 2016. Alle tall for 2017-2020 er i 2016-prisnivå.

Skatt og rammetilskot øk. plan 2017 - 2020

Tal i 1000 kr

	Skatt og rammetilskot øk. plan 2017 - 2020 - Meland står aleine	Reknesk. 2012	Reknesk. 2013	Reknesk. 2014	Reknesk. 2015	Prognose 2016	Øk-plan 2017	Øk-plan 2018	Øk-plan 2019	Øk-plan 2020
1	Innbyggjartilskot	144 681	157 297	170 596	171 931	176 564	181 425	187 681	194 202	200 734
2	Utgiftsutjamning	12 294	10 053	8 875	17 163	17 592	14 029	16 495	18 878	28 131
3	Korreksjon for barn i statlege og private skular		-271	-1 564	-3 885	-4 782	-4 804	-4 804	-4 804	-4 804
4	Gradering av basistilskot						-5 620	-5 680	-5 750	-5 820
5	Overgangsordning - tilbakeføring av gradert basis						5 620	5 680	5 750	5 820
6	Tilbakeføring av frigjort ramme gradert basis						2 120	2 180	2 250	2 320
7	Overgangsordningar (INGAR)	-481	-444	-460	-486	-446	-632	-607	-580	-551
8	Saker m/særsild fordeling	1 518		309	689	1 226	1 226	1 226	1 226	1 226
9	Veksttilskot	2 506	1 760	4 068	7 469	7 481	2 942	3 345	4 029	7 039
10	Skjønstilskot	4 000	4 900	4 200	4 042	3 900	3 500	3 500	3 500	3 500
11	Diverse / Rev. nasj. budsj.	234	130	-999	1 497	1 005	1 052	1 052	1 052	1 052
12	Sum rammetilskot	164 752	173 425	185 025	198 420	202 540	200 858	210 068	219 753	238 647
13	Auke i forhold til året før:	20 408	8 673	11 600	13 395	4 120	-1 682	9 210	9 685	18 894
14	Auke i %:	14,1 %	5,3 %	6,7 %	7,2 %	2,0 %	-0,8 %	4,6 %	4,6 %	8,6 %
15	Skatt og inntektsutjamning									
16	Kommunale skatteinntekter	143 184	160 999	160 894	173 698	186 480	191 644	196 998	202 288	207 419
17	Løpande inntektsutjamning	16 174	12 952	18 745	19 673	19 380	19 918	20 514	21 009	21 554
18	Sum	159 358	173 951	179 639	193 371	205 860	211 562	217 512	223 297	228 973
19	Auke i forhold til året før:	13 058	14 593	5 688	13 732	12 489	5 702	5 950	5 785	5 676
20	Sum auke i %:	8,9 %	9,2 %	3,3 %	7,6 %	6,5 %	2,8 %	2,8 %	2,7 %	2,5 %
21	Sum rammetilskot, skatt og innt.utjamm.	324 110	347 376	364 664	391 791	408 400	412 420	427 580	443 050	467 620
22	Auke i forhold til året før:		23 266	17 288	27 127	16 609	4 020	15 160	15 470	24 570
23	Sum auke i %:		7,2 %	5,0 %	7,4 %	4,2 %	1,0 %	3,7 %	3,6 %	5,5 %

Grunna omlegging av inntektssystemet frå 2017 er det mange usikre faktorar i denne prognosen. Det vi ser er at vi vil få ein jamn vekst i innbyggjartilskotet framover som følgje av folketalsveksten.

Utviklinga i utgiftsutjamninga (linje 2) er vi meir usikker på, men vi reknar med ein nedgong frå 2016 (kr 17,6 mill) til 2017 (kr 14 mill) på kr 3,6 mill.

Nedgongen skuldast 2 forhold:

1. Omlegging av inntektssystemet med nye kostnadsnøklar. Dette slår svært negativt ut for Meland kommune. Kva som isolert er effekten av endring i inntektssystemet er det vanskeleg å seie. I kommuneproposisjonen for 2017 anslår regjeringa i vedlegg 7 at effekten for Meland kommune er ein reduksjon på kr 4,8 mill.
2. Endringar i grunnlagsdataene for Meland kommune, som kvart år uansett gjev endringar i utgiftsutjamninga. Under føresetnad av at estimatet i punkt 1 er rett, viser dette ei auke på kr 1,2 mill.

I tillegg vil endring i basistilskotet føre til reduksjon for Meland kommune på kr 5,6 mill, men dette får vi tilbake gjennom overgangsordninga innført for kommunar som har gjort vedtak om kommunesamanslåing.

Tilbakeføring av frigjort ramme i forbindelse med endringane i basistilskotet har regjeringa sagt skal skje via innbyggjartilskotet eller som del av kostnadsnøklane. KS har rekna på dette isolert, og så langt vi veit er dette talet kr 2,1 mill for Meland kommune.

Vi får ein stor nedgong i veksttilskotet i 2017, frå kr 7,5 mill i 2016 til kr 2,9 mill i 2017, ein reduksjon på kr 4,6 mill.

Vi er og svært usikre på nivået på fylkesmannen sitt skjønstilskot i 2017, som følgje av at omlegginga av inntektssystemet og endring i kommunestruktur truleg gjer at fylkesmannen må vurdere grunnlaget for dei tildelingar som tidlegare er gjort på nytt. Vi trur dermed det vert større endringar i dette tilskotet i forhold til året før enn det som har vore vanleg. For å sette eit tal, har vi førebels satt kr 3,5 mill som inntekt i 2017.

Andre inntektspostar er halde uforandra frå 2016 til 2017, då vi ikkje har føresetnader for å berekne endringar. Vi har så langt ikkje lagt inn inntekter frå INGAR-ordninga, då det er svært usikkert korleis dette vil slå ut for Meland kommune. Reduksjonen i veksttilskot vil uansett ikkje gje refusjon via INGAR.

I sum ser vi at vi reknar med ein vekst i inntekter frå skatt og rammetilskot på kr 4 mill frå 2016 til 2017, eller 1,0%. Merk at 2017-tala i inntektsprognosen ikkje er prisnivåjustert i forhold til 2016. Prognosen for folkevekst er på 2,9%, og vi får dermed ein inntektsvekst som vert betydeleg lågare enn det som folkeveksten og utgiftsbehovet tilseier, og vi må i praksis kutte i tenestenivå i 2017 i forhold til 2016.

Det er følgjande to forhold som først og fremt er årsak til denne inntektsnedgangen:

- 1) Endringar i inntektssystemet / kostnadsnøklane med ca kr 4,8 mill
 - 2) Nedgong i veksttilskot kr 4,6 mill
- Sum reduksjon kr 9,4 mill.

Vi håper fylkesmannen i sin vurdering av Meland kommune sitt nivå på skjønstilskotet for 2017.

6. Ekstra kostnader som følgje av språkdeling ved skulane i Meland

Det som i hovudsak er kostnadsdrivaren innan skulesektoren er talet på klassar. Grovt kan vi rekne lærarressursar på kr 1,0 mill per klasse på barnetrinnet. Tabellen på neste side viser at vi i skuleåret 2016/2017 reknar med å ha 8 ekstra klassar som følgje av språkdeling og at det vert 9 klassar ekstra i skuleåret 2017/2018. Med føresetnad om kostnad på kr 1,0 mill per klasse vert det totalt ein ekstra kostnad på 8,4 mill (kr 8 mill * 7/12 + kr 9 mill * 5/12) for budsjettåret 2017.

Denne ekstrakostnaden for kommunen vert ikkje reflektert i kriteriegrunnet i inntektssystemet, og vi bed fylkesmannen ta dette med i vurderinga av nivået på kommunen sitt skjønstilskot for 2017,

Omregning elevtal til klassar pr skule pr skuleår i økonomiplanperioden

Born fødd i år:	10	09	08	07	06	05	04	03	02	01		
Klassar 16/17 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum	Språkdeling
Grasdahl skule	2	2	2	1	2	1	1				11	3
Sagstad skule	3	3	3	3	3	2	2				19	2
Meland US								2	2	2	6	-
Vestbygd skule	1	2	2	2	2	2	2				13	3
Rosland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2	13	-
Sum pr trinn	7	8	8	7	8	6	6	4	4	4	62	8
Gj.snitt elever pr klasse:	17,1	16,9	16,9	17,1	15,8	15,0	13,0	25,3	19,5	18,8	17,7	

Born fødd i år:	11	10	09	08	07	06	05	04	03	02			
Klassar 17/18 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	Sum	Auke	Språkdeling
Grasdahl skule	2	2	2	2	1	2	1				12	1	3
Sagstad skule	3	3	3	3	3	3	2				20	1	3
Meland US								2	2	2	6	-	-
Vestbygd skule	2	1	2	2	2	2	2				13	-	3
Rosland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2	13	-	-
Sum pr trinn	8	7	8	8	7	8	6	4	4	4	64	2	9
Gj.snitt elever pr klasse:	15,9	17,1	16,9	16,9	17,1	15,8	15,0	19,5	25,3	19,5	17,7		

7. utfordringar innan førebyggjande helsevern

Kommuneplanen for 2014 – 2025 (samfunnsdelen) vart vedteke av kommunestyret i mai 2014. Denne inneheld klare føringar for styrking av førebyggjande helsearbeid. Elles gjeld generelt for helsetenesta at folkeveksten krev tilsvarende opptrapping av fastlegetenesta.

Kommunen opplever sterk vekst i dei yngste årsklassane, og det er naudsynt med bemanningsauke i tenestene som er retta mot dei yngste. Det er sett i gang eit regionalt samarbeid for frisklivstiltak og lærings- og mestringsstilbod for kronisk sjuke. Meland kommune ynskjer å setje av midlar til kommunal eigenandel i desse samarbeidstiltaka, men har så langt ikkje hatt tilstrekkeleg med midlar til å prioritere dette.

Frå 2020 vert kommunepsykolog ei lovpålagt stilling. Kommunen har søkt, og fått tildelt, kr 300.000 i statleg støtte for 2016. Dersom kommunen skal lyse ut og tilsette psykolog må det løyvast midlar til den kommunale eigenandelen. Med dei økonomiske rammene som ein ser for seg i 2017, er dette tiltaket vanskeleg å få prioritert.

Generelt opplever Meland kommune det som svært utfordrende å klare å prioritere midlar til førebyggjande helsearbeid og nye tiltak som spesifisert over. Vi ligg på etterskot når det gjeld å auke tenestenivået i takt med folketalsutviklinga, og å oppretthalde tenestenivået i trå med nasjonale føringar.


8. Auke i rusproblem og forventa auke i naudsynte rustiltak

Meland kommune opplever ei auke i rusrelaterte problem lokalt i kommunen. Det kan synast som om personar med rusproblem som tidlegare trakk inn mot Bergen sentrum i dag vel å opphalde seg lokalt i kommunen, og dette krev auka merksemd frå rusomsorga i kommunen. I tillegg fører folkevekst og tilflytting til at vi og får ei generell auke i rusproblem, og med svak økonomi har Meland kommune vanskar med å prioritere ressursar til å møte denne type utfordringar.

Regionalt ser det ut som Meland kommune har større utfordringar her enn nabokommunane. Dette kan ha med nærleiken til Bergen å gjere, men elles har ikkje fagetatane nokon god forklaring på dette utviklingstrekket.

9. Utfordringar i samband med høg og aukande arbeidsløyse

Figuren nedanfor viser utvikling i arbeidsløysa i Meland kommune, samanlikna med Hordaland fylke og landet totalt.



Oversikten viser at Meland kommune per juli 2016 har ei arbeidsløyse på 4,1%. Auken frå 3,3% i juni skuldast at mange som er ferdige med å studere no skal ut i arbeidsmarknaden, og det tek gjerne noko tid før dei kjem i arbeid. Vi ser same auken i juli 2015. Meland kommune låg i heile 2015 betydeleg over både nivået i Hordaland og i landet totalt. I 2016 så langt har nivået i Meland vore nokonlunde stabilt, medan ein i fylket og landet forøvrig har sett ai viss auke i arbeidsløysa. Fortsatt ligg likevel Meland kommune høgt når det gjeld nivå på arbeidsløysa.

I tillegg ligg Meland kommune høgt når det gjeld brukarar som er under arbeidsavklaring. Kommunen har mange unge som er ledige og mange unge som er under arbeidsavklaring, som følgje av at vi har ein ung befolkning og tala frå NAV-statistikken speglar dette. Denne gruppa har ein større risiko for å hamne tilbake som heilt arbeidsledige enn andre grupper arbeidstakarar. Det er og ein risiko for at dei over tid vert verande utanfor arbeidsmarknaden, og dermed påføre det kommunale støtteapparatet større kostnader over tid.

Enkelt sagt er det slik at for kvar dag ein person er registret i NAV-systemet aukar sjansen for at personen vert verande i NAV. Tida arbeider mot oss. Arbeid med ungdom uavhengig av yting er difor eit prioritert område i NAV generelt og særskilt i Meland kommune. Kommunestyret har og vedtatt aktivitetsplikt for ungdom på sosialhjelp. Aktivitetsplikta vert praktisert, og NAV Meland legg generelt opp eit stramt «regime» rundt ungdom slik at dei ikkje vert gåande som passive mottakarar av ytingar, og i staden vert motivert for arbeid eller skule. NAV Meland har etablert «ungjobb» som er ein møteplass for ledig ungdom.

Det er framover behov for stillingsressursar for særskilt å kunne fylgje opp dei som ikkje kan nyttiggjera seg ordinære tiltak og utplassering. Meland kommune har fått skjønsmidlar til hjelp for å finansiere tiltak på dette området, men det er ressurskrevjande å følgje opp dei tiltak som er sett i verk, og det er trong for fortsatt å tilføre midlar for finansiering av forventa kommunale utgifter i samband med auken i arbeidsløyse.

10. Oppsummering

Vi har i dette skrivet kommentert ein del område der kommunen har utfordringar knytt til å prioritere tilstrekkeleg midlar, samt område der vi meiner Meland kommune har særskilte utfordringar samanlikna med andre kommunar. På alle område meiner vi at vi driv nøkternt og ligg lågt på kostnader i forhold til tenestenivå og tenestekvalitet. Vi meiner og at vi har god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.

Vi håper på positiv vurdering av de behov som er lista opp og kommentert, og forståing for det utfordringsbilete vi har presentert.

Med helsing

Per Inge Olsen
økonomisjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Ingvild Hjelmtveit
Øyvind H. Oddekalv

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og 5020
samfunnsplanavde
linga

BERGEN